



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for plan og næring
Møtestad	Sygna, Fylkeshuset
Møtedato	23.05.2007
Kl.	09:00

Faste medlemer til stades:

Kjartan Longva A
Roger B. Silden A
Jorunn Eide Kirketeig A
Mathias Råheim H
Asgeir Solheim Sp
Kjellaug Veivåg Høyvik Sp
Marit Aafedt Fjærestad Sp
Harald Lindvik V
Hilde Kvamsås Aa

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med tale-/framleggsrett: Endre Høgalmen

Andre til stades:

Sekretariat for møtet:

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 24.04.2007 vart godkjend utan merknader.

Munnleg orientering:

Presentasjon av reiselivsanalyse for Sogn og Fjordane v/høgskulelektor Ståle Brandshaug, Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Orientering om Vestlands-programmet for nye artar i oppdrett v/Lena Merete Söderholm.

Orientering om utvikling av Værøy-hamna v/representantar frå Værlandet.

SAK 21/07 Skriv og meldingar

Statsbudsjettet kapittel 551 post 60 - Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling – rapport for året 2006

Statsbudsjettet kapittel 551 post 61 Næringsretta utviklingstiltak kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift – rapport for året 2006

Bruk av utviklingsmidlar - oversyn

Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar – Utkast til sak som skal opp i Vestlandsrådet 6. og 7. juni 2007

Delt ut i møte:

Næringsbarometer for Hordaland og Sogn og Fjordane.

SAK 22/07 Søknad om løyve til prøvetokt i Solund og Gulen for vurdering av skjelsandførekomstar

Frå Fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

Det blir gjeve løyve til Roslagen AS til gjennomføring av prøvetokt med MS "Sjøtroll" for undersøking av skjelsand ved grabbeforsøk i kommunane Solund og Gulen i løpet av 2007. Før toktet blir sett i gang, skal det ligge føre toktplan og undersøkingsprosedyre der det blir stilt krav om rapportering til fylkeskommunen.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Saka vert utsett.

SAK 23/07 Balestrand kommune - søknad om midlar til forprosjekt.

VEDTAK:

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver kr 100.000 til Balestrand kommune til forprosjektet "Næringsutvikling i Balestrand kommune".
- 2 Fylkeskommunen ønskjer plass i prosjektstyret.
- 3 Fylkeskommunen føreset at samarbeidsløysingar på tvers av kommunegrensene går inn som ein del av vurderingsgrunnlaget i forprosjektet; ikkje minst på tema reiseliv.

SAK 24/07 Søknad om medverknad til prosjekt på bioenergi i Sogn og Fjordane.

VEDTAK:

- 1 Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert, støttar Sogn og Fjordane fylkeskommune prosjektet med kr. 300.000.
- 2 Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å delta i styringsgruppa.

SAK 25/07 Tertialrapport 1/07

VEDTAK:

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2007:

1. Renteutgiftene vert auka med 0,500 mill kr.
2. Avdragsutgiftene vert redusert med 2,500 mill kr.
3. Renteinntektene vert auka med 1,750 mill kr.
4. Rentestønad til investeringar i skulebygg vert auka med 1,400 mill kr.
5. Statstilskot – refusjon for sikringskrav på sjø - vert redusert med 3,850 mill kr.
6. Aksjeutbytte ved auka med 3,540 mill kr.
7. Det vert avsett 5,000 mill kroner til delvis dekning av pensjonsutgifter. Eventuell ubrukt løyving vert overført til seinare år.
8. Det vert inntektsført 5,760 mill kr frå investeringsfondet (overskot 2006).
9. Løn i sentraladministrasjonen – teneste 1201 – vert styrka med 2,000 mill kr .
10. Utgifter til distriktsvalstyre – teneste 1001 – vert tilført 0,250 mill kr.
11. Opplæring vert tilført 3,000 mill kr med slik fordeling:

- Teneste 2102 Utgifter til lokale, reduserte husleiger 2,060 mill kr
 - Teneste 2211 Gjestelevar 0,700 mill kr
 - Teneste 2501 Tilpassa opplæring 0,260 mill kr
 - Teneste 2802 Fagprøver 0,500 mill kr
 - Teneste 2803 Tilskot til lærebedrifter 3,600 mill kr
 - Netto resultatoverføring frå 2006 7,150 mill kr
 - Inntektsført avsett fond 2006 7,150 mill kr
12. Tannhelsa vert tilført 0,250 mill kr i samband med gratis tannbehandling for rusmisbrukarar.
13. Bibliotektenesta vert tilført 0,100 mill kr til kjøp av utstyr.
14. Det vert gjennomført følgjande tekniske endringar innan tenestebudsjettet:
- Teneste 5005 Arkivføremål vert auka med 1,820 mill kr
 - Teneste 1201 Fylkesrådmannen vert redusert med 0,220 mill kr
 - Teneste 1202 Administrasjonsbygningar vert redusert med 1,600 mill kr (Auka inntektskrav mot fylkesarkivet).

B. Investeringsbudsjettet

1. Løyvinga i 2007 til nybygg for Eid vg skule vert auka med 9,000 mill kr som vert dekkja med 6,500 mill kr frå investeringsfondet (overskot 2006) og 2,500 mill kr overført frå ombygging/rehabilitering av skulebygg. Tilsvarande endring vert gjort i låneopptaka som vert auka med 2,500 mill kr for Eid vg og redusert med 2,500 mill kr for ombygging/rehabilitering.
2. Løyvinga i 2007 til Trivselshagen AS (Firda vg skule) vert auka med 9,800 mill kr mot tilsvarande reduksjon i løyvinga til føremålet i 2008. Det vert inntektsført 9,800 mill kr frå investeringsfondet (overskot 2006) i 2007. Låneopptaket til føremålet i 2008 vert redusert til 0.
3. Det vert inntektsført 10,000 mill kroner frå investeringsfondet (overskot 2006) til dekning av ansvarleg lån til Fundo Wheels AS.

SAK 26/07 Samarbeidsprosjekt mellom Norges Forskningsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

Sogn og Fjordane Fylkeskommune løyver kr 250.000 til Innovasjon Norge - Sogn og Fjordane til to-årig samarbeidsprosjekt mellom Noregs Forskningsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane Fylkeskommune

SAK 27/07 Budsjett 2008 - strategi plan og næring

VEDTAK:

Dei skisserte strategiane vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2008 og økonomiplan 2008-11.

SAK 28/07 St.meld. nr. 12 (2006-2007) Regionale fortrinn - regional framtid Om prosessen med å avklare den regionale inndelinga. Høyring

Frå Fylkesrådmannen lág det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutvala til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Oppgaver som har konsekvensar for den regionale samfunnsmessige utviklinga blir lagt inn under folkevald styring og kontroll. Spesialhelsetenesta, Innovasjon Norge, SIVA og deler av vegetaten bør leggjast til dei nye regionane
2. Sogn og Fjordane sitt primære ønskje til organisering av framtidige regionar er ein landsdelsmodell. Grunngevinga for dette er:
 - Større regionar vil leggje betre til rette for regional samordning av sektorpolitikken. Ved at grensene blir samanfallande, med styrka krav til regional samordning og ved overføring av reell makt får vi auka *folkevald påverknad* over statleg sektorpolitikk.
 - Landsdelsregionar vil på sikt vere ei større motvekt mot sentralisering ved at
 - vi får ei betre samordning av sektorpolitikken regionalt som motvekt mot statleg sentralisering,
 - større regionar vil leggje betre til rette for samhandlinga mellom store utdannings- og kompetansemiljø, og mellom by og land,
 - vi betre stimulerer regional næringsutvikling,
 - det blir gitt større rom for regional fordelingspolitikk basert på solid regional kunnskap og
 - det er større sjansar for at vi får overført tyngre oppgaver.
 - Vi får meir politisk styring over den regionale samfunnsutviklinga.
 - Ein sterk vestlandsregion vil kunne bli ein sentral premissleverandør i utforminga av den nasjonale politikken og i fordelinga av nasjonale ressursar.
 - Sogn og Fjordane i framtida vil bli for lite som eige fylke. Vi er avhengige av å kople oss mot utviklings-, kunnskaps-, forskings- og næringsmiljø utanfor fylket for å sikre arbeidsplassar, konkurransekraft og regional utvikling.
3. Sogn og Fjordane ser det som naturleg med ei inndeling av ein landsdelsregion frå Nord-Rogaland i sør til Møre i nord.

4. Alternativt vil Sogn og Fjordane gå inn for eit forsterka fylke med noverande fylkesgrenser.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til vedtak:

- 1 Sogn og Fjordane Fylkeskommune meiner primært at det bør vere to forvaltningsnivå, der fleire oppgaver vert tilført kommunane.
- 2 Sogn og Fjordane forhold seg likevel til at det i dag er fleirtal på Stortinget for tre forvaltningsnivå – og såleis vil Sogn og Fjordane subsidiært gå inn for ein forsterka fylkeskommune med noverande fylkesgrenser. Slik det ser ut i dag etter framlegginga av St. meld nr 12 (2006-2007), er dette alt for få oppgaver og anna lagt til dei tiltenkte nye regionane.
- 3 Det er likevel viktig at oppgaver som har konsekvensar for den regionale samfunnsmessige utviklinga ver lagt under folkevald styring og kontroll.

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

- 1 Med den oppgaveportefølgjen som no er føreslegen lagt til regionalt folkevald nivå i St.meld nr 12 (2006-2007), vil Sogn og Fjordane gå inn for ein forsterka fylkeskommune.
- 2 I tillegg til den nemnde oppgaveportefølgjen må spesialisthelsetenesta, Innovasjon Noreg og SIVA leggest til dette nivået.
- 3 Alternativt vil Sogn og Fjordane gå inn for ein regionsmodell som omfattar Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Dei oppgaver som er tildelt dei nye regionane i St.meld nr 12 (2006-2007) "Regionale fortrinn – regional framtid", inneber ein viktig auke i lokaldemokratiet ved at oppgaver vert flytta frå Fylkesmann over til folkevald nivå. Det er derimot relativt få oppgaver som i stortingsmeldinga vert føreslege flytta frå sentralt statleg hald og over til dei nye regionane.
- 2 Storparten av dei oppgaver som den nye regionen skal ha vert også i dag utført innafor dei fylkesgrensene vi har, hos Fylkesmann og dagens fylkeskommune. Fylkestinget finn det difor ikkje rett å gå inn for ein landsdelsmodell slik framlegget til nye oppgaver no ser ut. Ein forsterka fylkesmodell vil kunne ivareta desse oppgåvene og samstundes ta vare på nærleik og identitet.
- 3 Dersom vidare handsaming i Stortinget fører til vesentlege auke i oppgåvene vil ein kunne vurderer om regionmodellen er ei betre løysinga for Sogn og Fjordane.

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Oppgaver som har konsekvensar for den regionale samfunnsmessige utviklinga blir lagt inn under folkevald styring og kontroll. Spesialhelsetenesta, Innovasjon Norge, SIVA og deler av vegetaten bør leggjast til dei nye regionane
2. Sogn og Fjordane sitt primære ønskje til organisering av framtidige regionar er ein landsdelsmodell. Grunngevinga for dette er:
 - Større regionar vil leggje betre til rette for regional samordning av sektorpolitikken. Ved at grensene blir samanfallande, med styrka krav til regional samordning og ved overføring av reell makt får vi auka *folkevald påverknad* over statleg sektorpolitikk.
 - Landsdelsregionar vil på sikt vere ei større motvekt mot sentralisering ved at
 - vi får ei betre samordning av sektorpolitikken regionalt som motvekt mot statleg sentralisering,
 - større regionar vil leggje betre til rette for samhandlinga mellom store utdannings- og kompetansmiljø, og mellom by og land,
 - vi betre stimulerer regional næringsutvikling,
 - det blir gitt større rom for regional fordelingspolitikk basert på solid regional kunnskap og
 - det er større sjansar for at vi får overført tyngre oppgaver.
 - Vi får meir politisk styring over den regionale samfunnsutviklinga.
 - Ein sterk vestlandsregion vil kunne bli ein sentral premissleverandør i utforminga av den nasjonale politikken og i fordelinga av nasjonale ressursar.
 - Sogn og Fjordane i framtida vil bli for lite som eige fylke. Vi er avhengige av å kople oss mot utviklings-, kunnskaps-, forskings- og næringsmiljø utanfor fylket for å sikre arbeidsplassar, konkurransekraft og regional utvikling.
3. Sogn og Fjordane ser det som naturleg med ei inndeling av ein landsdelsregion frå Nord-Rogaland i sør til Møre i nord.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Alle framlegga vert sende over til fylkesutvalet.

SAK 29/07 Pukk og grusundersøkingar - Oppgradering av database i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

- 1 Det blir etablert eit samarbeid med NGU med føremål oppgradering av pukk- og grusdatabasen i Sogn og Fjordane.
- 2 Prosjektet går over tre år, slik at dei to første åra blir nytta til felt- og registreringsarbeid. Det siste året blir nytta til analyser, samanstilling og avlevering av sluttrapport. Det er ein føresetnad at desse data blir gjort digitalt tilgjengeleg i fylket.
- 3 Fylkeskommunen delfinansierar tiltaket med samla kr. 450.000,-.

- 4 Tiltaket vert dekket med midlar som er avsett til tiltak foreslegne av Fylkesplangruppa for industri.

Møtet slutt kl 1300